

Sak 7

Framlegg til endring i Styringsføresegnene

Lagsstyret gjer framlegg til endringar i ein paragraf i Styringsføresegnene, som omhandlar kontrollnemnd.

Styret ønskjer å gjere denne endringa slik at det er samsvar mellom Lagslova og Styringsføresegnene etter endring i Lagslova i 2019.

Tillegg er markert med **utheva skrift og understreking**. Stryking er markert med ~~overstreking~~.

Endring av §19

Her foreslår vi å ta bort bokstav b) om kontrollnemnd. Den tilsvarande føresegna vart tatt bort frå Lagslova på årsmøtet 2019. Denne endringa i Styringsføresegnene syt føre at det er samsvar mellom Lagslova og Styringsføresegnene.

§ 19 ETTERSYN

For kommande rekneskapsår ⁽¹⁾ nemner rådet kvar haust opp:

- a) Ein registrert eller statsautorisert revisor ⁽²⁾ som skal ha det vanlege revisjonsansvaret for laget og særlaga.
- b) ~~To lagsfolk ⁽³⁾ til ei kontrollnemnd som skal halda tilsyn med økonomien i laget og særlaga som heilskap. Nemnda skal koma med tilrådingar og vurderingar i økonomiske spørsmål som går ut over det ein revisor nemnd i a) normalt vil gjera.~~

(1) Jf. S § 18

(2) Lov 14.03.1964 nr. 2 om revisjon og revisorar

(3) L § 3, 1. leden jf. D § 1.

Framlegg til endring av Styringsføresegnene:

I Styringsføresegnene til BUL blir § 19 bokstav b) teke ut.

*For lagsstyret
Oslo, 6. mars
Terje Svindseth
Lagsleiar*